



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dei vidaregåande skolane
Kommunane i Møre og Romsdal
Heim kommune
Riindal kommune
Ungdomspanelet
Eldrerådet
Lærarorganisasjonane
Opplæringskontora
Regionråda
LO
NHO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	2020/8715 - 61883/2020	Geir Løkhaug, 71 28 03 68	26.06.2020

Høyringsbrev - Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2021-2024 (Skolebruksplanen).

Fylkesutdanningssjefen sender med dette forslag til Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring (Skolebruksplanen) for skoleåra 2021/2022, 2022/2023 og 2023/2024 på høyring. Tidsperioden for fylkesstrategien er 3 år, men rulleringa vil framleis skje kvart år.

Tabell med forslag til fylkesstrategien er vedlagt.

Før forslaget til fylkesstrategi blei sendt på ordinær høyringsrunde, har det vore ein intern høyringsrunde på dei vidaregåande skolane. Skolane har då hatt moglegheit til å kome med innspel til forslaget til fylkesstrategien. Innspela har vore med i vurderingane ved utarbeidinga av høyringsbrevet.

Hovudvekta i vurderingane er lagt på om tilboda skal vere søkbare eller ikkje på skolane. Kapasiteten er òg vurdert og lagt inn i forslaget til kvar enkelt skole, men administrasjonen vil kunne justere kapasiteten i samråd med skolane når søkjartala ligg føre våren 2021.

Høyringssvar sendes digitalt til: post@mrfylke.no

Merk svara:

«Namn på avsendar, høyringssvar, fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2021-2024 ,sak 20/11390»

Frist for høyringssvar er sett til 18.9.2020.

Grunnlag

Utarbeidinga av forslag til ny fylkesstrategi er basert på Skolebruksplanen for 2020-2022 og inntaket til skoleåret 2020/2021. Vedtaket i sak UD-4/19 om ny yrkesfagleg struktur er brukt i utarbeidinga av planen.

I tillegg er vedtaket T-86/19, der mellom anna vedtaka om kva tilbod som blei vidareført, lagt til grunn. På Gjermundnes vgs er likevel Vg2 industrideknologi foreslått lagt tilbake til erstatning for Vg2 anleggsgartnar som er foreslått tatt ut av strategien.

Det er eit mål at kapasiteten i fylkesstrategien er sett slik at krava vedtatt i sak UD-5/14 blir stetta. Saka omhandla kapasitetsutnytting, om nye tilbod og ressursar til særskilte tilbod.

Ved utarbeidinga av fylkesstrategien er og «Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring» brukt. Vi viser til § 3 i den lokale forskrifta om inntaket i Møre og Romsdal: «Fylkesutdanningssjefen gir tilbod til alle søkjarar med ungdomsrett. Fylkesutdanningssjefen gir så langt råd til tilbod til søkjarar med fullføringsrett». Dette inneber at dimensjoneringa i fylkesstrategien er gjort med omsyn på elevar med ungdomsrett. Personar med andre rettar eller utan rett til vidaregåande opplæring fyllar opp klassane så langt det er mogleg.

Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2021-2024 legg rammene for kva tilbod det er mogleg å søke seg til på skolane. Etter søknadsfristen kvart år skjer det to viktige endringar med verknad for strategien:

1. I mars blir det laga ei politisk sak om tilbod som ikkje blir starta grunna låge søkartal.
2. Basert på søkartala gjer administrasjonen i løpet av våren kapasitetsjusteringar av tal klassar og plassar for skoleåret i dialog med aktuelle skolar.

Desse endringane blir det tatt omsyn til når strategien for dei neste 3 åra blei utarbeidd.

Vi gjer merksam på at i fylkesstrategien (og arbeid knytt til denne) er ordet *kapasitet* nytta om kor mange plassar og klassar fylkeskommunen planlegg å starte. *Kapasitet* er altså ikkje i tydinga av kor mange klassar og elevplassar kvart einskild bygg på skolane har plass til.

Ysk-tilbodet

Etter vedtak T-86/19 er YSK-tilbodet i fylket lokalisert ved Haram Vgs.

Søknadar om nye tilbod frå skolane

Nye tilbod skal kvalitetssikrast av fylkesutdanningssjefen slik at dei er i samsvar med godkjende læreplaner og gjeldande dokumentasjonsordningar.

Lied- utvalet sin NOU-19/25 « Med rett til å mestre» vil kome med forslag om endringar i strukturen, organiseringa og fagsamansettinga i opplæringa. Før desse endringane er på plass ønsker ikkje fylkesutdanningssjefen å sette i gong nye tilbod utover den nasjonale tilbodsstrukturen.

Romsdal vgs har søkt om å få starte et tilbod innan helse- og oppvekstfag som kan gje studiekompetanse. Erfaringane med å starte opp eit liknande tilbod på elektro- og datateknologi og teknologi- og industrifag gjer at fylkesutdanningssjefen foreslår ikkje å starte opp tilbodet i denne strategiperioden. Viser og til det som står over om Lied-utvalet og NOU 2019/25.

Romsdal vgs har òg bedt om å få utvide det studieførebuande løpet innan elektro- og datateknologi og teknologi- og industrifag til òg å omfatte bygg- og anleggsteknikk. Fylkesutdanningssjefen vurderer at det ikkje er søkargrunnlag nok til byggfaga til å starte dette tilbodet som vil konkurrere med det ordinære tilbodet innan byggfaga.

Herøy vgs har søkt om å få starte eit tilbod innan reiseliv. Slik fylkesutdanningssjefen vurderer det er det ikkje elevgrunnlag ved Herøy vgs til å starte opp eit YSk-tilbod innan reiseliv. Viser og til det som står over om Lied-utvalet og NOU 2019/25.

Gjermundnes vgs har fornya søknaden om å få starte opp Vg2 akvakultur. Fylkesutdanningssjefen viser her til sak UD-11/18 om blått naturbruk på Nordmøre. Før ein gjer seg erfaringar med tilbodet her, ønsker ikkje fylkesutdanningssjefen å utvide tilbodet på blått naturbruk ytterlegare.

Ålesund vgs søker om å få starte opp Vg2 medieproduksjon. Tidlegare erfaringar med søkinga til liknande utdanningsprogram gjer at fylkesutdanningssjefen ikkje ønsker å legge tilbodet inn i strategien no. Det kan vere aktuelt å kjøpe plassar i andre fylker om det blir eit behov.

Statistikk over mogleg elevtal

I dimensjoneringa av det vidaregåande tilbodet til Møre og Romsdal fylkeskommune må ein gjere vurderingar kring framtida. Det vil vere usikkerheit knytt til elevtala, og det er difor viktig å sjå problemstillinga frå ulike vinklingar. I denne saka finst to ulike datagrunnlag i) tal frå grunnskolens informasjonssystem, ii) fylkeskommunens eigne elevframskrivingar.

Elevtal i grunnskolen, kjelde Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Elevtala frå GSI er per 1. oktober i skoleåret. Det er altså elevar ved inngangen til skoleåret og ikkje avgangselevar.

Det er tatt omsyn til endringane i kommunereforma og regionreforma.

Følgande skoleregionar er brukt:

- Nordmøre: Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Smøla og Aure.
- Romsdal: Molde, Vestnes, Rauma, Aukra, Hustadvika og Gjemnes.
- Nordre Sunnmøre: Ålesund, Stranda, Fjord, Sykkylven, Sula og Giske
- Søre Sunnmøre: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta.

Tabell 1: Tal elevar i 10. klasse etter region pr. 1. oktober i skoleåret, kjelde GSI

	Tal elevar, pr. 1. oktober				
	20152016	20162017	20172018	20182019	20192020
Nordmøre	650	639	604	657	604
Romsdal	818	836	788	807	869
Nordre Sunnmøre	1 266	1 254	1 180	1 167	1 255
Søre Sunnmøre	687	639	634	642	648
Møre og Romsdal (pr. 2020)	3 421	3 368	3 206	3 273	3 376

	Endring frå året før			
	20162017	20172018	20182019	20192020
Nordmøre	-11	-35	53	-53
Romsdal	18	-48	19	62
Nordre Sunnmøre	-12	-74	-13	88
Søre Sunnmøre	-48	-5	8	6
Møre og Romsdal (pr. 2020)	-53	-162	67	103

GSI inneheld elevdata på alle klassetrinn. Ein kan difor lage ei framskrivning av elevtala for 10. klasse dei neste 9 åra basert på desse tala. I eit slik framskrivning vil talet elevar i 9. klasse i skoleåret 2019/2020 være framskrivninga for talet elevar i 10. klasse i skoleåret 2020/2021, og tilsvarande for dei lågare klassetrinna. Dette inneber at ei framskrivning basert direkte på GSI legg til grunn at nettoflyttinga er null per skoleår per klassekull.

Tabell 2: Tal elevar i 10. klasse etter region pr. 1. oktober i skoleåret, kjelde GSI

Tal elevar i 10. klasse, per. 1. oktober i skoleåret										
	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029
Nordmøre	604	605	589	622	575	601	613	556	532	501
Romsdal	869	828	786	788	813	817	765	791	784	737
Nordre Sunnmøre	1 255	1 214	1 242	1 249	1 225	1 315	1 199	1 242	1 214	1 182
Søre Sunnmøre	648	628	579	617	643	671	593	601	559	544
Møre og Romsdal (pr. 2020)	3 376	3 275	3 196	3 276	3 256	3 404	3 170	3 190	3 089	2 964

Endring frå året før										
	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024	2024/2025	2025/2026	2026/2027	2027/2028	2028/2029
Nordmøre		1	-16	33	-47	26	12	-57	-24	-31
Romsdal		-41	-42	2	25	4	-52	26	-7	-47
Nordre Sunnmøre		-41	28	7	-24	90	-116	43	-28	-32
Søre Sunnmøre		-20	-49	38	26	28	-78	8	-42	-15
Møre og Romsdal (pr. 2020)		-101	-79	80	-20	148	-234	20	-101	-125

Elevframskrivningar etter skoleregion, kjelde fylkeskommunen

Til prosjekt Omstilling 2020 i 2019 blei det laga eit omfattande kunnskapsgrunnlag med historiske og framskrivne elevdata (ikkje søkartalet) til den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal. Vær særleg merksam på:

- Rindal og Halså er inkludert i desse framskrivningane sidan det finst avtalar mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune om at desse elevane skal få ungdomsrett i Møre og Romsdal.

I tråd med den lokale forskrifta om inntaket i Møre og Romsdal er dimensjoneringa av den vidaregåande opplæring gjort med tanke på at alle søkarar med ungdomsrett skal få skoleplass. Tabellane viser difor elevframskrivningar for elevar med ungdomsrett.

Tabell 3: Elevframskrivningar alle nivå etter skoleregion, ungdomsrett

Elevframskrivning ungdomsrett										
Skolens region	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2030	2035	2040
Nordmøre	1 625	1 607	1 583	1 608	1 609	1 607	1 639	1 501	1 446	1 509
Nordre Sunnmøre	3 232	3 239	3 277	3 311	3 335	3 415	3 376	3 246	3 044	3 149
Romsdal	2 119	2 135	2 123	2 076	2 090	2 121	2 096	2 026	1 913	1 978
Søre Sunnmøre, med Hornindal	1 590	1 574	1 526	1 536	1 590	1 662	1 620	1 431	1 408	1 481
Totalt, med Hornindal	8 567	8 555	8 510	8 531	8 624	8 805	8 731	8 204	7 811	8 117

Tabell 4: Elevframskrivningar Vg1 etter skoleregion, ungdomsrett

Elevframskrivning Vg1, ungdomsrett										
Skolens region	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2030	2035	2040
Nordmøre	659	666	667	688	669	678	706	622	611	639
Nordre Sunnmøre	1 287	1 227	1 268	1 299	1 273	1 356	1 258	1 229	1 168	1 219
Romsdal	914	871	871	855	879	898	853	810	796	827
Søre Sunnmøre, med Hornindal	659	628	596	648	674	699	623	574	574	605
Totalt, med Hornindal	3 519	3 392	3 402	3 490	3 495	3 631	3 440	3 234	3 148	3 290

Om tala i vedlagt tabell for fylkesstrateg for tilbod i vidaregåande opplæring

I tabellen finst ei oversikt for skoleåra 2020/2021, 2021/2022, 2022/2023 og 2023/2024. Fylkesstrategien gjeld dei tre siste skoleåra. Som nemnd over legg fylkesstrategien rammene for kva tilbod det er mogleg å søke seg til på skolane, men søkinga kvart år gjer at det er naudsynt med årlege kapasitetsjusteringar i inntaksprosessen og vurderingar kring

tilbod med låg søking. Skoleåret 2020/2021 er difor tatt med, sidan inntaket er viktig for dei neste skoleåra.

For å unngå å vise to sett tal for kvart skoleår (før og etter endringar i tilbodet grunna søkinga) er tala i tabellen for skoleåret 2020/2021 inkludert endringar. Korleis desse endringane får effekt i skoleåra 2021/2022 og 2022/2023 er også inkludert i tabellen. Skoleåret 2023/2024 er derimot langt nok fram i tid til at endringane for skoleåret 2020/2021 ikkje førar til endringar i 2023/2024. Oversikta i tabellen for skoleåret 2023/2024 kan difor lesast som korleis *grunnfjellet* i tilbodet ser ut.

I samband med prosjekt Omstilling 2020 blei samla klassetal og elevplassar for skoleåret 2020/2021 redusert med om lag 10 klassar i høve vedteken skolebruksplan for skoleåret 2020/2021. Søkinga for skoleåret 2020/2021 blei høgare enn venta, mellom anna fordi fleire søkte rett frå grunnskolen og at fleire gjorde omval. Det medførte at samla klassetal for inntaket til skoleåret 2020/2021 blei auka til 497,75 klassar (per 17. juni 2020), noko som er 5 klassar lågare enn i 2. inntaket føregåande skoleår (2019/2020). Dei ekstra klassane og plassane blei prioritert til tilbod med høg søking, for å sikre høg oppfylling av klassane og at fleire kunne få 1. ønsket sitt.

Nye namn på utdanningsprogram

Frå skoleåret 2020/2021 blir det nye namn på to utdanningsprogram:

- Elektrofag blir erstatta med elektro- og datateknologi.
- Teknikk og industriell produksjon blir erstatta med teknologi- og industrifag.

Nye namn vil bli brukt i den politiske saken til hausten, og dei er brukt i dette høyringsbrevet der det er mogleg. Men sida namna på alle programområda ikkje er klare, er dei gamle namna brukt i tabellen over tilboda etter skole og programområde som er vedlagt høyringsbrevet. Dette for å ikkje skape uklare tydingar av kva kurs som er meint for skolane.

Nordmøre - kommentarar til foreslått fylkesstrategi

Atlanten vgs

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Atlanten vgs vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Kristiansund vgs

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 helse- og oppvekstfag for skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 helsearbeidarfag auka til 3 klassar og 45 plassar for skoleåret 2021/2022.

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 teknologi- og industrifag skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 industriteknologi auka til 2 klassar og 28 plasser for skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Kristiansund vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Sunndal vgs

Studiespesialisering Vg1 er tatt ned til 1 klasse og 30 plassar frå 2020/2021. Dette er vidareført på Vg1, Vg2 og Vg3 i fylkesstrategien.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Sunndal vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Avtalen om kjøp av plassar for vaksne minoritetsspråklege kan vidareførast etter nærare avtale med kommunen.

Surnadal vgs

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Surnadal vgs vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Tingvoll vgs

Frå skoleåret 2021/2022 er det forslag om at Vg2 tømrarfaget er eit tilbod ved skolen.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Tingvoll vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Avtalen om kjøp av plassar for vaksne minoritetsspråklege kan vidareførast etter nærare avtale med kommunen.

Romsdal - kommentarar til foreslått fylkesstrategi

Fannefjord vgs

Tilboda ved skolen er lagt inn med elevkapasitet, men ikkje med klassar.

Det er lagt inn ei linje som viser eventuelle kjøp av kommunale tenester mellom anna frå Tøndergård skole- og ressurscenter. Avtalen knytt til Tøndergård skole- og ressurscenter er samla på kjøp av inntil 10 plassar.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Fannefjord vgs vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Fræna vgs

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 studiespesialisering skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 studiespesialisering auka til 2 klassar og 56 elevplassar for skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Fræna vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Gjermundnes vgs

Det er foreslått at Vg2 anleggsgartnar ikkje blir eit tilbod ved skolen frå skoleåret 2021/2022. Grunngevinga er at tilbodet dei siste åra har vore lite søkt. For å styrke skolen vel fylkesutdanningssjefen å forslå at Vg2 industriteknologi blir eit tilbod ved skolen frå skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Gjermundnes vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Molde vgs

Tilbodet i utdanningsprogrammet medier og kommunikasjon er fasa ut for Vg2 frå skoleåret 2021/2022 og for Vg3 frå skoleåret 2022/2023.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Molde vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Rauma vgs

Landslina Vg1 studiespesialisering med bratt friluftsliv kom ikkje i gang til skoleåret 2020/2021. Skolen har starta eit arbeid med å gjere om dette til eit tilbod på det

studieførebuande utdanningsprogrammet idrettsfag. Tilbodet ligg ikkje inne i forslaget til ny fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande tilbod, men vil bli vurdert når skolen søkar om dette.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Rauma vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Romsdal vgs

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 elektro skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 elenergi auka til 2 klassar og 30 plasser for skoleåret 2021/2022.

Vg2 betong og mur er foreslått som tilbod ved skolen frå skoleåret 2021/2022. Dette er eit ønske både frå skolen og næringa som går god for at det er læreplassar i faget.

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 helse og oppvekstfag skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag oppretthaldt på 2 klassar og 30 plasser for skoleåret 2021/2022.

Vg2 aktivtør er foreslått tatt ut frå skoleåret 2021/2022.

Vg2 køyretøy oppretthaldast på 2 klassar og 30 elevar frå skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Romsdal vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Nordre Sunnmøre - kommentarar til foreslått fylkesstrategi

Borgund vgs

På Vg1 helse- og oppvekstfag er kapasiteten auka til 6 klassar og 90 elevplassar. Kapasiteten på Vg2 helsearbeidar er redusert til 2 klassar og 30 elevplassar.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Borgund vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Fagerlia vgs

Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag er lagt til som tilbod ved skolen frå skoleåret 2021/2022.

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 helse og oppvekstfag skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 helsearbeiderfag auka til 3 klassar og 42 plassar i skoleåret 2021/2022.

Vg3 Kunst, design og arkitektur er redusert til 0,5 klasse og 14 plassar for skoleåret 2021/2022 grunna låg søking til Vg2 skoleåret før.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Fagerlia vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Haram vgs

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 helse- og oppvekstfag skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 helsearbeidarfag auka til 1,5 klasse og 21 elevplassar for skoleåret 2021/2022.

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 teknologi- og industrifag skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 industriteknologi auka til 2 klassar og 24 elevplassar for skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbud i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Haram vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Spjelkavik vgs

Tilbodet på utdanningsprogrammet idrett er foreslått flytta frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs frå skoleåret 2021/2022.

Kapasiteten på dei studieførebuande tilboda ved skolen er sett til 9 klassar på kvart trinn og 30 elevplassar i kvar klasse.

Fylkesstrategien for tilbud i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Spjelkavik vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Stranda vgs

Kapasiteten på tilbodet studiespesialisering på Vg2 og Vg3 er tilpassa kapasiteten på Vg1. På helse- og oppvekstfag er det berre tilbod på Vg1.

Vg2 kokk- og servitørfag blir ikkje starta opp i 2021/2022 grunna at Vg1 restaurant- og matfag ikkje blei starta førre skoleår.

Fylkesstrategien for tilbud i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Stranda vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Sykkylven vgs

Kapasiteten på studiespesialisering er sett i samanheng med Vg1, Vg2 og Vg3 elektrofag, automatisering med studiekompetanse, 3-årig.

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 elektro skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 automatisering auka til 2 klassar og 24 elevplassar for skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbud i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Sykkylven vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Ålesund vgs

Tilbodet på Vg1 og Vg2 naturbruk ligg på Ålesund vgs i heile strategiperioden. Her kan det kome endringar som følgje av arbeidet med administrativ samanslåing av Fagerlia vgs og Ålesund vgs. Tilbodet og kapasiteten er ikkje endra.

Tilbodet på utdanningsprogrammet idrett er foreslått flytta frå Ålesund vgs til Spjelkavik vgs frå skoleåret 2021/2022.

Det kan vere aktuelt å kjøpe plassar på Vg2 medieproduksjon i andre fylker om det blir behov.

Fylkesstrategien for tilbud i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Ålesund vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Søre Sunnmøre - kommentarar til foreslått fylkesstrategi

Herøy vgs

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 naturbruk skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 fiske og fangst auka til 0,75 klassar og 21 elevplassar for skoleåret 2021/2022.

På grunn av kapasitetsjusteringane til Vg1 teknologi- og industrifag skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 industrideknologi auka til 2 klassar og 28 elevplassar for skoleåret 2021/2022.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Herøy vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Ulstein vgs

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Ulstein vgs vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Volda vgs

På grunn av kapasitetsjusteringane på Vg1 studiespesialisering og Vg1 medier og kommunikasjon skoleåret 2020/2021 er kapasiteten på Vg2 studiespesialisering og Vg2 medier og kommunikasjon justert. Vg2 studiespesialisering får 4 klassar og 112 plassar medan Vg2 medier og kommunikasjon får 0,5 klasse og 14 plassar for skoleåret 2021/2022. Tilsvarande er det også kapasitetsjusteringar for Vg2 og Vg3.

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Volda vgs elles vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Ørsta vgs

Fylkesstrategien for tilbod i vidaregåande tilbod (2021-2024) er for Ørsta vgs vidareført frå gjeldande skolebruksplan (2020-2022).

Med helsing

Kariann Dimmen Flovikholm
konstituert fylkesutdanningssjef

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur